

Uskedalen eller Husnes for Kvinnherad Næringservice

26.10.2006



Kjem Kvinnherad Næringsservice til å flytta inn i andre høgda i det gamle samyrkelagsbygget? (Foto: Ola Matti Mathisen).

Valet står mellom å bli der vi er på Husnes eller flytta til Uskedalen, seier dagleg leiar Knut Førland om den framtidige kontorstad for Kvinnherad Næringsservice. Han presiserer at det enno ikkje er teke noko avgjerd i saka.

No held organisasjonen til i Lonabrotet på Husnes, men vurderer flytting til Uskedalen med grunnlag i at bygda ligg så sentralt til i Kvinnherad. Saka vert avgjort i neste styremøte som skal haldast 28. november, opplyser Førland til uskedalen.no.

Førland kan bekrefa at han har vore på synfaring i andre høgda i det tidlegare samyrkelagsbygget. Her er det no i gang renovering som det første byggjesteget til dei nye eigarane av dette bygget og nabobygget.

- Om det er andre eigna lokalitatar i Uskedalen enn dette kjenner eg ikkje til, seier Førland.

- Flytter du ikkje bort frå 'kundane' ved å flytta frå Husnes?

- Det er naturleg nok mange medlemmer på Husnes, men vi har medlemmer i heile kommunen, heilt inn til Mauranger.

Ved å flytta til Uskedalen kjem vi meir sentralt i høve til alle, svarar Førland, som legg til at kommunen sjølv sagt også skal ha eit ord med i laget.

I føremålsparagrafen heiter det at Kvinnherad Næringsservice skal vera ein frittståande næringslivsorganisasjon for bedrifter, næringsgrupper, skular, offentlege institusjonar og nyetablerarar, i nært samarbeid med kommunen. Organisasjonen skal bidra til å sikra og auka verdiskapninga hjå medlemmene.

Av Ola Matti Mathisen